

SAK 64/24 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL - RULLERING

Saksopplysning:

Hallingtinget brukte god tid på strategisk plan for Hallingdal i sitt møte 19. april og kom med mange gode innspel på mål, tiltak, hovudsatsingar og prosess. Det var semje om ein prosess der kommunedirektørane og regionrådsadministrasjonen jobba tett saman, der det vil bli høve til politiske innspel underveis både i regionrådet og ved at ordførar inviterer dagleg leiar til kommunestyre i den enkelte kommune. Målet er vedtak på Hallingtinget i oktober.

Arbeidsdokumentet «Strategisk plan Hallingdal», som ligg vedlagt er eit resultat av innspel som har kome frå alle på Hallingtinget i april, frå regionrådet, næringsforum og frå prosessen omkring klimaplan. Det har vore relativt sparsommelig med inspel frå kommunane.

Vurdering:

Det har sidan oppstarten vore semje om at følgjande skal vera på plass når planen er vedteken:

- Planen skissere kva regionen må, eller ønskjer å samarbeide om for å få til ønska utvikling.
- Målsettingane er realistiske og mogelege å nå
- Det er evne og vilje til å gjennomføre det som står i handlingsplanen, både med tanke på økonomi, tid og personalressursar

I det utkastet til Strategisk plan som no ligg ved, er innspel frå Hallingtinget teke inn, saman med innspel frå næringsforum og klimaplanprosessen. Dagleg leiar meiner at at både målformuleringane og handlingsprogrammet bør jobbast meir med, at ein kanskje bli meir strategisk og overordna og at kommunane burde få eit betre eigarskap til planen. Det har vore utfordrande å få innspel frå kommunane, både politisk og administrativt. Planen inviterer til nyttenkning og utvikling og det er mogeleg at kommunane har behov for konsolidering og finne ut korleis skal me jobbe saman framfor å finne ut kva skal me jobbe saman om. Korleis ein skal gå vidare må bli ei drøfting i regionrådsmøte.

Forslag til vedtak

Regionrådet rår Hallingtinget til å vedta Strategisk Plan Hallingdal Hallingdal med dei endringane som kom fram i møte.

Hallingdal, 18. sept 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg:

Vedlegg 1: Utkast til strategisk plan for Hallingdal

Strategisk Plan Hallingdal 2025-2028

Innleining

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973, først ut i landet. Den første strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert kvart 4. år. I Strategisk Plan 2025-2028 vil handle om korleis me skal vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal og kva Hallingdal skal arbeide saman om for å møte framtida. Me vil ta omsyn til regionale planar og nasjonale føringar, og så vil også denne gongen FN sine berekraftsmål vere sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

Bakgrunn

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering av den overordna strategiske delen. Handlingsplanen blir revidert/oppdatert kvart år. I juni 2024 vedtok Hallingtinget å starte rullering av Strategisk plan for Hallingdal 2025 -2028.

Strategisk plan (SP) for Hallingdal 2025 -2028, erstattar gjeldande SP for 2021-2024 og handlingsprogrammet frå 2022.

Formål med Strategisk plan og handlingsprogram

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek for seg dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning på det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2028. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

Til planen er det utarbeidd eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet skisserer tiltak og handlingar som kommunane i Hallingdal skal samarbeide om for å nå måla. Programmet har ein fireårig horisont, men med vekt på dei første par åra.

FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla inngår i FNs Agenda 2030 og består av 17 mål for ei berekraftig utvikling, samt ei erklæring om korleis verda skal oppnå denne utviklinga innan 2030.

I strategiske plan for Hallingdal er samarbeid kanskje det viktigaste, men i tillegg har me vektlagt følgjande berekraftsmål



Folkestalsutvikling, alderssamsetjing, flyttemønster


Det har vore ei positiv folketalsauke i Hallingdal dei siste 5 åra. Nesbyen og Hol har om lag same folketal som for 5 år sidan, mens dei andre kommunane har auka. Dette er ganske uvanlige i ein distriktsregion. Hovudårsaka er innvandring og spesielt busette Ukrainarar har bidrege til å halde

talet opp.

Kommune	2019	2020	2021	2022	2023	30.6-24
Flå	1 052	1 050	1 049	1 097	1 115	1 139
Nesbyen	3 315	3 273	3 262	3 299	3 301	3 271
Gol	4 576	4 608	4 636	4 767	4 986	4 878
Hemsedal	2 481	2 486	2 546	2 645	2 666	2 662
Ål	4 671	4 674	4 648	4 862	5 007	4 860
Hol	4 473	4 441	4 434	4 506	4 496	4 507
Totalt	20 568	20 532	20 575	21 176	21 571	21 317

Like viktig som folketal er det å sjå på alderssamansetning og endringar over tid. Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving av folketalet frå 2020 til 2050 syner grovt fortalt:

- 300 færre i aldersgruppa 0 – 19
- 900 færre i aldersgruppa 20 – 64
- 2600 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre



Sitat frå NOU 2020: 15 Det handler om Norge (Demografiutvalet)

«Befolkningsnedgangen i distriktene har over tid vakt stor politisk bekymring, men blir ikke nødvendigvis den største utfordringen framover. Flyttestrømmen fra distriktene forventes å bli mindre. Det har sammenheng med at det blir færre unge, en gruppe som erfaringsvis flytter mye, og flere eldre, en gruppe som erfaringsvis flytter lite. Tendensen forsterkes av at de eldre også blir eldre enn før. En motstrøm av tilbakeflytttere og nykommere vil fortsette. Denne motstrømmen har alltid vært der, men har tradisjonelt fått liten oppmerksomhet. I tillegg vil fortsatt innvandring være viktig. Resultatet kan bli at folketallet stabiliseres i mange distriktskommuner, men at aldringen samtidig blir en større utfordring enn før.»


Utvalet har i sitt arbeid lagt til grunn at dei aktuelle utfordringane er knytt til tre forhold:

- Folketalsnedgang,
- Aldring
- Spreidd busetnad


Hallingdal er ein av få distriktsregionar som skårar høgt på bustadattraktivitet. Dette har m.a vore med på å halde folketalet relativt stabilt dei siste åra, slik at regionen klarar seg bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me er ikkje like attraktive når det kjem til arbeidsplassar, næringsliv og sysselsetting. (Sjå figur)

Me har industri der det skjer spennande ting, me har næringar basert på lokale ressursar og me er gode på reiseliv. Dette skal me ta vare på, og utvikle, men me treng fleire føter å stå på. Ei av

hovudutfordringane for Hallingdal er eit for einsidig næringsliv. Det fører til at me taper terreng samanlikna med andre regionar i Viken. Me treng derfor fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning og større variasjon.



ARBEIDSPASSUTVIKLING HALLINGDAL



Hyttehallingen

Som ein av dei største reiselivsregionane i landet er hyttehallingen ein viktig ressursgruppe for Hallingdal. Det har vore ei klar oppfatning i Hallingdal at dei «anslag» som blir gjort når det gjeld gjestedøgn for hyttehallingar og turistar er for låge. Ei teledataundersøking som vart gjort for nokre år sidan viste at det i gjennomsnitt pr. døgn, er 26000 deltidsinnbyggjarar u Hallingdal og om lag 20000 fastbuande. Det er her svært stor skilnad i forhold til dei tal som kjem fram ved å nytte tilgjengeleg statistikkgrunnlag.

Mogelegheiter og konkurransefortrinn

Hallingdal.. :

- er ei merkevare
- er ein bu- og arbeidsregion
- har mindre reduksjon i befolkning og arbeidsplassar enn de fleste andre distriktskommunar
- er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- har attraktive hytteområde og 18000 hyttehallinger som bidreg til mangfald og profilering
- har ei sentral geografisk plassering med kort avstand til både Osloområdet og Vestlandet.
- har gode bu- og oppvekstvilkår
- har attraktive og levande bygder
- har hovudferdselsårer aust-vest
- har eit godt regionalt samarbeid
- har attraktiv natur
- er fjellregionen i Viken

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, moglegheiter for å differensiere seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglegheit til å spesialisere seg rundt næringer og kompetanseområde, der regionen sine spesielle eigenskapar står sentralt. Me har god plass, god tilgang på kraft og er godt eigna for næringer der lokalisering er underordna.

Verdigrunnlag

Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?

For å nå måla våre, skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre.

LEIKEN: Me jobbar på lag, er rause og inkluderande, og me skal tenke nytt når me saman skal utvikle Hallingdal. Me ynskjer å skapa møteplassar som motiverer, inspirerer og gjer arbeidet lystbetont.

EKTA: Me er opne, ærlege og prøver ikkje å framstå som noko anna enn det me er. Ekta viser også til det naturlege og autentiske. Me ønskjer å utvikle dei naturgitte fordelane i dalen og levere god kvalitet på alle område.

FRI: Hallingdal har god plass til alle og det er lov til å vera den ein er. Me har flott og variert natur der ein kan føle seg fri, men det viser også til mangfold og toleranse.

FRISK: Hallingdal skal vera ein god region å bu i og koma på besøk til og ein attraktiv region å arbeide i. Me skal vera livskraftige og vitale i arbeidet for å oppnå dette. Frisk kan og spela på at dei fysiske tilhøva ligg til rette for å halde seg frisk.

Overordna mål

Kvar skal Hallingdal vera når planperioden er over

Hallingdal er ein attraktiv, inkluderande, framtidsretta og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besøkande»

Hallingdal skal vera ein god region å bu og opphalde seg i. For å få til dette må me få til fleire arbeidsplassar, eit meir variert næringsliv med større verdiskapning. Me må også ha fleire utdanningstilbod og større variasjon i tilboda. Alt dette skal me få til gjennom innovasjon og nyskaping i eit tett samarbeid mellom det offentlege, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv. Vidare er det eit mål å utvikle eit moderne og livskraftig samfunn der me samstundes tek ta vare på naturen, miljøet og dei naturgitte fordelane me har i Hallingdal. Fordi me er små, er det eit mål at både samfunnsutvikling og utvikling av tenester skjer i tett samarbeid mellom kommunane i dalen, næringsliv, sentrale styresmakter og folk som bur og oppheld seg i dalen.

Innsatsområde og resultatmål

Kva skal me samarbeide om og kva skal me utvikle for å nå måla?

Innsatsområda våre handlar om korleis me skal utvikle samfunnet og tenestene til dei som bur her og korleis me skal få folk til å koma hit, trivast her og bli her. Livskvalitet, infrastruktur, berekraft og samarbeid er viktige område for Hallingdal.

NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR

Hallingdal ønsker samarbeid på alle plan for å gi næringsaktørane betre grunnlag for verdiskaping, tilgang til kompetanse og forståing for å gjøre seg nytte av moglegheitene som finst. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid og innovasjon mellom det offentlege og næringslivet. Variasjon og breidde i arbeidsmarknaden er avgjerande for å vere attraktive.

KOMPETANSE OG UTDANNING

Hallingdal skal vera ein attraktivt region å vekse opp i og å utvikle seg i. Me vil derfor arbeide for gode og varierte læringsstader for livslang læring

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Hallingdal ønskjer felles satsing på betre infrastruktur på veg og bane for å auke attraktiviteten for næringsutvikling, busetjing og besøkande. Dette gjeld både internt i dalen og inn og ut av dalen. I tillegg er det ei kontinuerleg satsing på å betre den digitale infrastrukturen.

KLIMA OG MILJØ

Hallingdal skal vera eit berekraftige og moderne samfunn der både økonomiske, sosiale og miljømessige verdiar gjennomsyrar det me gjer. Me vil ta i bruk forsking, ny teknologi og innovasjon for å skapa ein grønare dal, nye og betre tenester, nye samarbeidskonstellasjonar og nye typar forretningsmodellar i eit framtidsretta samfunn.


BU – OG BLILYST

Det skal vera attraktivt å bu, gå på skule, jobbe og ha fritid i Hallingdal. Her skal det vera trygt å vekse opp, godt og bu, og gjester skal bli tatt godt i mot. Hallingdal skal profilere seg på dette, framheve folk som ressurs og tydeleggjere at me er ein region der ein kan oppleve god livskvalitet.

KOMMUNAL TENESTEYTING

Auka samarbeid mellom kommunane når det gjeld framtidssretta og gode kommunale tenester for dei som bur og oppheld seg regionen.

Figur Strategisk plan for Hallingdal 2022 – 2025



Resultatmål pr. innsatsområde

«Kvar er status i Hallingdal når planperioden er over»

Grøn: Vurdere å vidareføre frå førre STP

Blå: Nye innspel

Raud: blir ikkje vidareført

NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR

Hallingdal har:

- Etablert eit tettare og meir formalisert samarbeid mellom aktørane i næringsapparatet
- Vekst i verdiskapinga totalt sett?
- Auke i talet på arbeidsplassar
- Utarbeid ein felles overordna næringsstrategi
- Utvikla ein innovasjonskultur
- Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.
- Fått opp kvinneandelen: Kvinnelig grundere 40%
- Etablert seg som «næringsvennleg region»

KOMPETANSE OG UTDANNING

- Hallingdal kan tilby 500 studieplassar på Høgskulenivå
- Det er etablert fleire desentraliserte utdanningstilbod på fagskulenivå
- Yrkes- og utdanningsmessa er sikra økonomisk
- Det er etablert fleire tiltak eller bedrifter som har fokus på å gjera motverke utanforskapspraktisering
- Næringsliv, det offentlege og akademia jobbar systematisk med næringslivsutvikling og samfunnsutvikling

INFRASTUKTUR OG SAMFERDSEL

- Det er kortare reisetid til og frå Hallingdal.
- FRE 16 - Bergensbanen har fått oppstartsløyving.
- Bygginga av Vegpakke Hallingdal har kome i gong.
- Talet på kollektivavgangar har auka med 10%
- Alle bustader og 80% av alle fritidsbustader har fått fibertilknyting
- Det er etablert fleire ladepunkt for el-bil og el-sykkel i Hallingdal

BU OG BLILYST

- Samarbeid mellom offentlege og private aktørar om berekraftige løysningar for behovsbasert bustadutvikling
- Konkretisere tiltak for auka trivsel og tilhørighet for innbyggjarane i Hallingdal
- Iverksette strategiar for å få bulystarbeid inn i kommunal drift

- Auke kunnskapsgrunnlaget om haldningar og verdiar rundt det å flytte til distrikta for unge vaksne i sentrale strøk og iverksette tiltak for å tiltrekkes nye innbyggere
- Målrettet markedsføring av Hallingdal mot den kompetansen og de folka vi trenger for å utvikle regionen
- Hyttehallingar og besökande oppheld seg lenger i Hallingdal.
- Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder har stige med 1%.
- Fleire flyttar til og blir buande, og færre flytter frå.
- Hallingdal profilerer seg alltid som EIN bu og arbeidsregion i og utanfor regionen.
- Hallingdal profilerer seg betre mot eigne innbyggjarar.
- Målt livskvalitet har betra seg
- Innbyggjarar og hyttehallingar blir involvert i stads- og samfunnsutvikling.
- Hallingdal nyttar kunst og kultur som ei samfunnsbyggjande kraft og nyttar dette i utviklinga av regionen sin identitet knytt til kultur- og opplevelingssnæring.
- Hallingdal har styrka det regionale samarbeidet i utviklinga av tilbod innan kultur og idrett.

KLIMA OG MILJØ

- Kommunane har redusert direkte klimagassutslepp med 40 % sidan referanseåret 2009
- Hallingdal er eit klimatilpassa samfunn som er budd på konsekvensane av klimaendringane
- Klimafotavtrykket er redusert ved innføring av sirkulære løysningar med redusert materielt forbruk, ombruk, gjenbruk og kjeldesortering.
- Det offentlige gjennomfører klimavennlege og innovative innkjøp av varer og tenester.
- Hallingdal har et berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar som styrkar og utviklar matproduksjonen og kulturlandskapet
- Hallingdal aukar skogen sitt opptak av CO₂
- Hallingdal er pådrivarar for grøne næringar ved å få til økonomisk vekst med mindre miljøpåverknad og lågare utslepp av klimagassar .
- Klimagassutslepp frå bygg- og anleggssektoren er redusert med ??
- Kommunane etterspør låg- og nullutsleppsteknologi og klimavennlege materialar i bygg- og anleggsprosesser
- Me tek vare på naturmangfaldet, bremsar nedbygging av natur og aukar opptak og lagring av karbon
- Hallingdal reduserer utslepp frå vegtrafikk gjennom auka tilrettelegging for utslippsfrie kjøretøy, kollektivtilbod, sykkel og gange
- Me reduserer forbruket av energi og produserer mer fornybar energi
- Hallingdal jobbar systematisk for å nå måla i regional plan for klima, natur og klimatilpasning

ANDRE SAMARBEIDSTILTAK

- Innbyggjarane i Hallingdal kommuniserer digitalt med kommunane gjennom heile livsløpet.
- Hallingdal samarbeider hensiktsmessig om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.» Hallingdal har vurdert kva planar som kan vera felles eller som kan samordnast.
- Kommunane ser på frivillige som ein ressurs i større grad enn før.
- Me har vurdert felles vikarpool i Hallingdal
- Hallingdal har tatt i bruk ein felles digitaliseringstrategi
- Hallingdal har etablert ein samhandlingsarena på leiarnivå i kommunane

Handlingsprogram 2025 – 2028

Grøn: Vurdere å vidareføre frå førre STP

Blå: Nye innspeil

Raud: blir ikkje vidareført

NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPLASSAR	Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
Utarbeide ein digital portal med oversikt over ledige næringsareal, næringstomter, ressurspersonar, fagmiljø/nettverk og støtteordningar				
Utarbeide ein felles næringsstrategi for Hallingdal Kva skal kommunane jobbe saman om Kva må næringslivet gjøre, rollefordeling, Utdanningsbehov, bemanningsbehov.				
Gjennomføre ei næringslivsundersøking Kva har næringslivet behov for kva forventningane til næringslivet				
Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen				

	Utarbeide ein <u>regional innkjøpsstrategi</u> for å tilpasse utlysingar slik at lokale aktørar kan delta og på den måten bidra til å ivareta, styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv.			
	Utgreie eit regionalt innkjøpskontor i Hallingdal Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging			
	Gjennomføre Verdiskaping- og ringverknadsanalyse for Hallingdal			
	Vurdere etablering av investeringsfond			
	Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen			
	Styrke arbeidet med bærekraftig reisemål ved å etablere ei eiga destinasjonsleiinga			
	Utvikle sykkelsatsinga i regionen for å skape fleire heilårs arbeidsplassar			
	Starte opp «prosjekt Hyttehallingen»			
	Starte prosjekt «Berekraftig vekst og utvikling for nystartarar i næringslivet»			
	Arrangere yrkesmesse i Hallingdal			
	Arbeide for å sikre og utvikle NORTURA			
	Gjennomføre omstillingsprogrammet «Sats på Hallingdal»: Utvikle eksisterande og nye næringer, skapa nye arbeidsplassar og meir variert næringsliv			
	Etablere eit senter for innovasjon i Hallingdal			

KOMPETANSE OG UTDANNING	Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
Arbeide for fleire og utvida desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal				
Arbeide meir oppsøkande mot studentar som er heimehøyrande i Hallingdal eller som vil til Hallingdal. <ul style="list-style-type: none"> • Kople studentar og bedrifter som tilbyr arbeidsplassar. Synleggjera verdiskapingsprogram, internship-ordningar og karrieremoglegheiter				
Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.				
Vidareføre Ungt entreprenørskap Hallingdal med intensjon om å utvide ordninga til VGS				
Etablere eit felles opplæringskontor i Hallingdal				
Vidareføre traineeordninga i Hallingdal både i næringsliv og i det offentlege				
Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggjar.				

INFRASTRUKTUR OG SAMFERDSEL	Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
Arbeide aktivt for realisering av fellesprosjektet FRE 16				
Vidareutvikle Hallingdalsløysinga: <ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for utvikling av vegpakke Hallingdal • Arbeide for betra vinterregularitet på fjellovergangane • Jobbe med konsekvensar av stenging av Lærdalstunellen 				
Arbeide for betre kollektivtilbod internt Hallingdal og til og frå Hallingdal				

	Sjå på moglege lokale transportordningar for gjester som reiser kollektivt (delingstenester)			
	Få på plass fleire ladepunkt for el-sykkel og el-bil, og arbeide for løysingar for fossilfrie tyngre kjøretøy			
	Vidare breibandutbygging i samarbeid med Hallingdal Kraftnett			
	Arbeide for utbygging av 5G nettet			

BU- OG BLILYST	Tid	Ansvar	Innvolvering	Merknad
Vidareføre bulystforum i alle kommunar. Dette handlar om nytiflytting, integrering, trivsel og innvolvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osb				
Gjennomføre tiltak som kjem i bu og blilstprogrammet				
Gjennomføre kartleggingsundersøking på attraksjonskraft				
Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentleg sektor				
Arrangere ungdomens Hallingting				
Etablere ein overordna profileringksanal for Hallingdal. (Hallingdal.no)				
Vurdere ein stillingsdel øyremarka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier Vurdere samarbeid med andre				
Pilotere det første distriktsbaserte bupilotkontoret i landet				

	Utgreie om det er mogeleg å få til eit interkommunalt bustadselskap for deleiebustader				
	Ugreie handlingsrom og bustadpolitisk praksis i kommunane				
	Styrke Hallingdal som merkevare				
	Utvikle og implementere ein trivselsstrategi i alle kommunane				
	Arrangere singelfestival/møteplassar for single i Hallingdal				
	Arrangere vertskapskurs som inkluderer kunnskap om bærekraftig reiselivsutvikling annankvart år				
	Arrangere eit Hallingtreff pr år i dei store byane				

KLIMA- OG MILJØ	Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
Innføre klimaråd i kvar kommune				
Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kvar kommune				
Utarbeide felles retningsliner for klimavennlige innkjøp				
Legge til rette for å motivere flere bedrifter til å bli miljøsertifisert				
Utarbeide besøksstrategi og sårbarhetsanalyse i tilknytning til sårbare områder/ områder med mye besøk				
Legge til rette for og være pådriver for personbiler, busser, varebiler og tungtransport som bruker elektrisitet, biogass eller hydrogen				
Felles rammeavtale, eller regional kompetanse, for energimerking av kommunale bygg				
Etablere eit berekraftssenter i Hallingdal (om dette blir konklusjonen til forprosjektet)				
Utarbeide felles klimaplan i Hallingdal				

	Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal				
	Delta i klima Viken				
	Vidareføre Grøn Vekst Hallingdal				
	Etablere sortering på alt avfall				

ANDRE SAMARBEIDSTILTAK	Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
Vurdere og prioritere kva fagmiljø og kva tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit og styrke beredskap Finne andre samarbeidsmåtar mellom kommunar. Folk må ikkje sitte saman for å jobbe samanDei treng berre riktige verktøy og felles visjonar				
Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester, beredskap og livskvalitet. Vurdere å utvikle eit forskingsmiljø ved Hallinghelse Vurdere tettare samarbeid med oppvekst				
Betra det administrative tverrkommunale samarbeidet på tvers av fag og profesjonar. Arrangere årleg leiarsamling med fokus på regionalt samarbeid				
Utgreie eit interkommunalt samarbeid innanfor demensomsorga i Hallingdal <ul style="list-style-type: none"> • Unge demente • Alvorleg demenssjukdom • Bustader 				
Utgreie eit interkommunalt samarbeid til ressurskrevande brukarar				
Restrukturere organisering og leiing av digitale tenester og løysingar				
Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane				

	Mange innspel frå IKT Hallingdal Ny/revidert nasjonal dig.strategi kjem torsdag 26/9.				
	Innføre felles digitaliseringsstrategi i Hallingdal				
	Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal				
	Delta i DigiViken				